

Møtereferat

Dato: 19.01.2016

| | | |
|-------------|--|--------------------------------------|
| Emne: | Referat frå prosjektgruppa likeverd 12.01.2016 | |
| Til stades: | Laila Christin Kleppe, Ruth Brudvik, Frode Mannsåker, Mari-Kristine Morberg, Marius Kjørmo, Anne Mette Nesje Porten, Jorunn B. Johannessen, Benedicte Meyer I tillegg møtte plansjef Marit Rødseth fra 1245 | |
| Forfall: | Sølve Sondbø har fått ny jobb og sluttar som hovudtillitsvald. Han går derfor ut av gruppa og vert erstatta av Marius Kjørmo frå Samfunnsviterne (han er og ny koordinator for Akademikerne) | Sak: 2015/11349-8 |
| Møtetid: | kl.0900-1400 | Møtestad: Møterom 10.et, fylkeshuset |

Møteleiar: Ruth Brudvik**Referent:** Benedicte Meyer

Sakliste godkjent.

Referatet frå sist møte vart godkjent.

Ruth B innleia dagsamlinga med å oppsummera arbeidet som er gjort til no. Benedicte gjekk deretter gjennom det utsende stoffet og la fram ulike problemstillingar rundt rydding/disponering/struktur. Utfordringa no er om vi skal halda fram med å jobba med utgangspunkt i dei ulike diskrimineringsgrunnlaga, eller om vi skal tenka litt annleis. Gruppa er samde om å ha tydeleg fokus på inkludering framfor diskriminering, vi ønsker altså å vera tydelege på korleis HFK aktivt kan bidra til auka mangfald, likeverd og inkludering. Likevel trur vi at det framleis er fornuftig å ta utgangspunkt i ei punktliste med ulike diskrimineringsgrunnlag, både for å sikra at vi er konkrete nok, og for å relatera planen tydeleg til lovverket.

Det er viktig å presisera at einskilde tiltak kan verka på fleire område, dette kan og markerast i sjølve teksten.

Vi drøfta og mobbeomgrepet sin plass i planen, og førebels ser det ut til at gruppa ønsker eit eige avsnitt om mobbing/trakassering i planen.

Vidare diskuterte vi forholdet mellom denne planen og den overordna HMT-planen som vart vedteken i fjor. Den viktigaste forskjellen er at denne nye planen ikkje berre skal gjelda dei tilsette i HFK, men og dei som tek i mot tenester i ei eller anna form.

Anne Mette viste til Kristiansand kommune sin plan på dette feltet, og vi gjekk gjennom denne i fellesskap. Planen er relativt kort, men samstundes ganske konkret, og ga oss absolutt nokre tankar til det vidare arbeidet vårt.

1245 - : Plansjef Marit Rødseth presenterte ein del tankar om planarbeid, både generelt og med fokus på vårt arbeid. Lenken til presentasjonen ligg ved referatet. Dette vart ei nyttig økt med tanke på den diskusjonen vi har om struktur, omfang og innhald.

Vegen vidare:

15.01. har styringsgruppa møte. Ruth og Benedicte legg fram dei spørsmåla og diskusjonane gruppa har hatt til no, og bed om tilbakemelding på arbeidet.

Nytt møte i prosjektgruppa 29.01.

Ruth og Benedicte har møte 19.1 og prøver å lage eit framlegg til endeleg disposisjon på bakgrunn av diskusjonane i dag. Frode jobbar vidare med den teksten han har skrive, og prøver å utarbeida ein «mal» som vi kan bruka på dei andre avsnitta. Vi sender ut tekstframlegga etter kvart som vi får produsert noko.....